



I sist veke beklaga baneleiinga at berre 5 møtte fram til dugnad for å gjera Heio speleklar. I kveld hadde den samme leiing grunn til å rosa medlemsstokken for vilje til innsats. Eit raskt overslag synte at 32 hadde stilt opp! Det gjorde det mogeleg å sesongopna banen, til og med for jentekamp mot Odda!

Store og små samt fleire traktorar har delteke og det er gjort ein svært effektiv jobb Bana ser fin ut og ho er pynta skikkeleg opp sjølv om ikkje det nye dekket frå Husnes er spreidd alle stader.
- Det er svært effektivt å be inn til dugnad samstundes som ein ber inn til kamp, konstaterte baneleiinga

Tekst og foto Ola Matti Mathisen

